

Pyntar opp på kyrkjegarden.

08.02.2017



Tre på innsida av gjerdet mot Sanden vart fjerna.

I det fine veret høyrer vi motorsagdur både her og der. Ein av stadene der motorsaga gjer ein god jobb i dag er på kyrkjegarden der kyrkjegardsarbeidarane Alf Jarle Langeland og Inger Elise Helgeland er godt i gang med rydjingsarbeid. Dei har felt ein god del tre som hadde vakse seg vel store.



Sola skein på kyrkjegardsarbeidarane då dei pynta opp i dag.

Tidlegare har båtlagsfolk felt trerekka utanfor kyrkjegardsgjerdet ned mot båtlagshuset. På morgonen i dag starta dei to kyrkjegardsarbeidarane med arbeidet som skal gjerast inne på kyrkjegarden. Dei har tynna i allèen som er langs skiljet mellom den nye og den gamle delen av kyrkjegarden. Trea her vart blitt store, og etter mitt syn vart det både finare og opnare etter tynninga.

Då uskedalen.no var innom, dreiv dei og felte tre på innsida langs med gjerdet mot Sanden. Alle desse skal fellast, og vi kjenner til at dette også er eit ønskje frå båtlaget då også desse medførte oppsamling av lauv i hamneområdet.

Langeland og Helgeland rekna med at arbeidet, også oppryddinga, skulle verta ferdig i løpet av morgondagen.



[Dette synet møter oss frå kyrkjegardsporten no.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland